



Teigen Bygg & Trelast As
Opsangervegen 18
5460 Husnes

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/110 - 23/3115

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
06.06.2023

Byggesak GBNR 168/356, 487 - Veg til gnr. 168, bnr. 487. Fritidsbustad- ferdigattest- Behov for tilleggsopplysningar

Eigedom: Gnr: 168 Bnr: 487
Adresse: Husøyyna 57 B, 5947 Fedje
Tiltakshavar: Astrid Hisdal
Tiltaket: Fritidsbustad

Me visar til søknad om ferdigattest motteke 24.05.2023 . Søknaden gjeld ferdigattest for fritidsbustad. Basert på motteke dokumentasjon er det behov for følgande tilleggsopplysningar for å behandla søknaden:

- Det er ikkje levert sluttdokumentasjon på tilkopling til offentleg vatn og avløp til teknisk etat for vatn og avløp i kommunen. Byggesak treng dokumentasjon på at dette er levert og godkjent av teknisk avdeling for vatn og avløp for å kunne gje ferdigattest for tiltaket.
- Kommunen kan heller ikkje sjå at det er gjeve ferdigattest for opparbeiding av veg, vatn og avløp til fritidsbustaden. Dette vart søkt på som eit eige tiltak med saksnummer 21/110-21/2367. Det lyt sendast inn ferdigattest for dette tiltaket før det kan gjevast ferdigattest for fritidsbustaden.
- Kommunen vil ha tilsendt koordinatar for innmåling av fritidsbustaden.

Frist for å senda inn supplerande opplysningar i saka vert satt til 26.06.2023. Etter denne datoen kan saka avgjerast på bakgrunn av allereie innsendt informasjon i saka, og saka vil då verta avvist eller avslått, og gebyrbelagt. Dersom det er behov for forlenga frist ber me om at dette blir informert om før fristen går ut.

Me gjer dykk merksam på at det seinare i sakshandsaminga kan verta behov for å be om ytterlegare tilleggsopplysningar.

Dersom noko er uklart kan de ta kontakt på telefon: 48173241

Beste helsing

Merethe Svarstad
Sakshandsamar avd Byggesak

Med helsing

Merethe Svarstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Hisdal

Freimsvegen 51 5750

Odda

Mottakarar:

Teigen Bygg & Trelast As

Opsangervegen 18 5460

Husnes